



Bokn kommune

Dato: 19.05.2025

Arkivsak-ID.: 25/378

JournalpostID: 25/1489

Saksbehandlar: Ingeborg Skjølingstad

Kommunedirektør/rådmann:

Saksnr.	Utval	Møtedato
053/25	Formannskapet	03.06.2025
26/25	Kommunestyret	17.06.2025
003/25	Eldrerådet/Rådet for personar med funksjonsnedsetjing	10.06.2025
018/25	Ungdomsrådet	10.06.2025

Rekneskap og årsmelding 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Bokn kommunestyre vedtek rekneskapen for 2024 for Bokn kommune
2. Bokn kommunestyre vedtek årsmelding for 2024 for Bokn kommune

Formannskapet 03.06.2025

Behandling:

Kommunalsjef økonomi og administrasjon informerte i saka.

FS - 053/25 Vedtak:

Formannskapet innstiller samrøystes til kommunestyret:

1. Bokn kommunestyre vedtek rekneskapen for 2024 for Bokn kommune
2. Bokn kommunestyre vedtek årsmelding for 2024 for Bokn kommune

Eldrerådet/Rådet for personar med funksjonsnedsetjing 10.06.2025

Behandling:

Kommunalsjef økonomi og administrasjon orienterte om rekneskapen 2024.

ERPF - 003/25 Vedtak:

Eldrerådet tek informasjonen og forslag til vedtak til orientering.

Ungdomsrådet 10.06.2025

Behandling:

Lillian Grønnestad legg fram eit samandrag og tal frå reknskapen frå 2024. Ungdomsrådet har inga kommentar til reknskapen.

UNG - 018/25 Vedtak:

Ungdomsrådet tar vedtaket til orientering.

Kommunestyret 17.06.2025

Behandling:

Kommunalsjef økonomi og administrasjon gjekk gjennom hovudtala i rekneskapen for 2024.

Olav Lande Rossebø (H) tok ordet som leiar av kontroll- og kvalitetsutvalet og informerte at revisor i år har ingen kommentarar til rekneskapen 2024 og kontroll- og kvalitetsutvalet synes det er gjort eit godt arbeid frå administrasjonen si side med rekneskapen 2024.

Avrøysting:

Kommunestyret vedtek samrøystes formannskapet si innstilling.

KS - 26/25 Vedtak:

Kommunestyret vedtek samrøystes:

- 1. Bokn kommunestyre vedtek rekneskapen for 2024 for Bokn kommune**
- 2. Bokn kommunestyre vedtek årsmelding for 2024 for Bokn kommune**

Saksutgreiing

Saks- og faktaopplysningar

I 2024 hadde Bokn kommune eit positivt netto driftsresultat på 1,77 millionar kr, tilsvarande 1,14 % av driftsinntektene. Dette er lågare enn målsettinga om 1,75 %, men likevel betre enn opphavelag budsjett for 2024 (0,81%). Positiv netto drift er med på å styrke kommunens disposisjonsfond.

I løpet av året er det overført kr 8,4 millionar frå drift til investering. Av desse gjeld 5 millionar kjøp av aksjar i Føresvikvegen 2. Det resterande er eit investeringsetterslep frå HBR IKS som kommunen forplikta seg til å dekkje ihht selskapsavtalen. Dette er finansiert frå disposisjonsfond.

Rekneskapen blei elles avslutta med å setje av 3,8 millionar kroner på disposisjonsfond samstundes som me har brukt 1,9 millionar av bundne driftsfond. Bruk av bundne driftsfond gjeld i hovudsak sjølvkostfond vatn. Resterande gjeld bruk av fond frå øyremerka tilskot frå tidlegare år.

I 2024 er det brukt 5 millionar kroner meir frå disposisjonsfond enn det er tilført. Langsiktig lånegjeld for kommunen er samstundes rekna som låg.

Årsresultatet er betre enn tidlegare rapporteringar har førespegla, men likevel lågare enn det burde. 2. tertial rapporterte kommunen om ein prognose på negativt resultat på 6,8 millionar. Like etter kom vedtaket på ei meirutbetaling frå havbruksfondet på 10,4 millionar kroner. I tillegg kom ei høgare utbetaling av flyktningmidlar enn estimert. Ei stor rekning på tiltak i barnevern på 2,9 millionar som ikkje låg inne i prognosen gjennom året kom på slutten av året.

Havbruksfondet har vore ei god kjelde til inntekter for Bokn dei seinare åra, men har vore veldig usikkert med store beløpsmessige svingingar. I 2024 fekk Bokn kr 10,4 millionar kroner meir enn budsjettet. Primært ynskjer ein ikkje å bruke desse ekstra midlane inn i drift, men det er diverre tilfelle for 2024. Berre den andelen av midlane som gjeld produksjonsavgift er lagt i budsjettet til bruk i drift. Dei siste åra har kommunen fått tilført desse midlane frå havbruksfondet:

2019	2020	2021	2022	2023	2024
kr 5 660 000,00	kr 6 770 000,00	kr 3 760 000,00	kr 9 543 766,00	kr 3 571 863,00	kr 14 200 000,00

Netto finansutgifter er kr 260.000 høgare enn budsjettet.

Resurskrevjande tenester har for Bokn vore underfinansiert dei seinare åra. Kommunen mottar skjønnstilskot frå statsforvaltaren, men utgiftene overstig kostnadane i stor grad. Finansiering skal i større grad vere ein del av rammetilskotet og statsbudsjetta fokuserer på effektivisering av drift gjennom redusert finansiering, noko som er ei utfordring for fleire små kommunar med få tilsette.

Lønskostnadane er 10 millionar høgare enn budsjettet. 4,5 millionar gjeld sjukefråvær som er refundert og ført som inntekt. 1,4 millionar gjeld overtid. 0,6 millionar gjeld ekstra beredskap på vassverket. 0,9 millionar gjeld norskopplæring, budsjettet under kjøp av tenester. 1 millionar gjeld vikarlønn der me ikkje får refusjon. 0,5 millionar gjeld stillingar med lønstilskot.

Hovudfokuset framover må vera omstilling og effektivisering. Omstilling må forventast å bli ein del av den normale kvardagen for kommunens tilsette. Tenester som kan digitaliserast, skal og må digitaliserast for å frigjere personalressursar som vidare kan nyttiggjerast på andre oppgåver.

Sjølv om Bokn kommune leverer eit greitt resultat for 2024, så er dette tett knytt opp mot meir midlar frå havbruksfond enn budsjettet. Netto står ein også igjen med 1,4 millionar flyktningmidlar som ikkje er brukt i 2024. Desse bør setjast på eige fond saman med midlane frå 2023 på 1,7 millionar.

Det vert jobba jamt med å tilpasse drifta i dei ulike einingane for å sikre forsvarleg økonomisk drift. Det er viktig at ein følgjer drifta tett for å sikre at ein har ein forsvarleg økonomisk situasjon framover. Nytt inntektssystem som kom våren 2024 ser ut til å gje kommunen eit noko betre handlingsrom enn det ein har hatt dei siste åra.

Kommunen sitt økonomiske handlingsrom er avgjerande for å kunne oppretthalde og vidareutvikle tenestetilboda til kommunens innbyggjarar framover, innanfor dei økonomiske rammene som blir vedtatt av Stortinget. Førebels har dei samla negative konsekvensane av inntektssystemet fram til 2024 vore mindre enn forventa, mellom anna som fylgje av ekstraordinære inntekter frå Havbruksfondet og stabile inntekter frå eigedomsskatten.

I tillegg til dyktige tilsette på dei ulike rammeområda, så er økonomi ein viktig innsatsfaktor når det gjeld kvalitet og kapasitet på kommunale tenester. Kommunen må driva eit kontinuerleg arbeid med innovasjon og omstilling for å ivareta god drift innanfor små økonomiske rammer slik at kommunen også framover skal kunne tilby innbyggjarane gode lovfesta tenester, og dei tilsette skal ha ein god arbeidsplass.

Hovudtal 2024

- Driftsinntekter 155 millionar kroner – Auke på 10 % frå 2023 (140,4 millionar)
- Driftsutgifter 157 millionar kroner – Auke på 12 % frå 2023 (140,6 millionar)
- Netto driftsresultat er positivt med 1,77 millionar kroner – 1,14 % av driftsinntektene.
- Rammeområda har samla brukt 12,3 millionar meir enn tildelt

- Helse har det største meirforbruket med 6,4 millionar kroner, teknisk 3,5 millionar og sosial/barnevern 2,6 millionar.
- Langsiktig lånegjeld 115 millionar - 74 % av driftsinntektene, 50 % når midlar til vidare utlån er fråtrekt.

Gjennom den nye kommunelova har kommunane fått lovfesta plikt til å nytte finansielle måltal som verktøy for langsiktig styring av kommunen sin økonomi. Dei finansielle måltala skal fungera som rammer for budsjettarbeidet og vidare rapportering, men måltala er ikkje bindande for budsjettarbeidet. Status på handlingsreglane ved utgangen av 2024 framgår av tabell nedanfor.

	Mål 2024 - 2027	Rekneskap 2024	Rekneskap 2023
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene	> 1,75 %	1,14 %	3,17 %
Disposisjonsfond i prosent av driftsinntektene	> 10 %	26,7 %	33,0 %
Arbeidskapital i prosent av driftsinntektene	> 15 %	34,1 %	46,4 %
Langsiktig lånegjeld i prosent av driftsinntektene	< 80 %	74,2 %	84,8 %
Langsiktig lånegjeld utan unytta lånegjeld og vidare utlån	< 70 %	49,7 %	55,3 %
Lån som betenes av frie inntekter	< 70 %	70,9 %	71,2 %
Netto lån med renteesponering i prosent av driftsinntektene	< 70 %	41,4 %	43,5 %

Vurdering

Kommunedirektøren sin konklusjon

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret vedtek rekneskap og årsmelding for 2024.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.